



## Notat

Dato: 09.04.2018  
Arkivsak: 2018/10192-2  
Saksbehandlar: vigbjo

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesordføraren

---

### Spørsmål til fylkesordføraren - Ruteproduksjon vest FUV 03.05.18

Anne Karin Oen har stilt følgjande spørsmål til fylkesordføraren:

«Syner til vedtak i budsjettet om midlar til auka ruteproduksjonen i vest. Det er eit utrykkjeleg ønskje frå kommunane i vest om få direkteruter gjennom Knappentunellen og eit samrøystes vedtak i Fylkesutvalet i november 2017. Det skal leggjast om store endringar i trafikkmønsteret frå måndag 16. april for å sjå om ein kan minska køen. Det vert opplyst at det ikkje kjem i gong med auka ruteproduksjon og direkteruter i media. Kva er årsaka til dette når det ligg pengar i budsjettet og ein veit kor preserande situasjonen er mot vest?»

Fylkesordføraren sitt svar:

I budsjettvedtaket for 2018 ligg det 1,5 mill. kroner til «Auka ruteproduksjon kollektivtilbod region Vest» som eitt av fleire kollektivtiltak. Finansiering av tiltak i region vest er knytt til ekstra belønningmidlar som skal forhandlast om gjennom reforhandling av gjeldande byveksttale for Bergen.

Fylkesrådmannen er i løpande kontakt med Fjell kommune i samband med pågåande prosessar for å betre trafikksituasjonen i området. Konkret til spørsmålet om direkteruter så pågår det arbeid for å finne snarleg løysing for ekspressbussavgangar mellom Straume og Sandsli innanfor budsjettvedtakets rammer.